

Ein ruvande politikar og unik mann

30.03.2011



Torfinn Myklebust og Knut Prestnes - parhestar i politikken og privat. Her sit dei saman i formannskpsmøte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torfinn Myklebust var ein ruvande politikar, ein av dei fremste og mest kunnskapsrike vi har hatt i Kvinnherad. Og han var ein unik mann.

Det er Senterpartiet sin ordførarkandidat Knut Prestnes som gjev uttrykk for dette i Kvinnheringen.

Prestnes, Aksel Kloster og Myklebust hadde frå midten av nittitalet faste formiddagsmøte på Husnes Hotell. Slik kom Prestnes inn i politikken. Kloster og Myklebust reiste heim til Anna Prestnes med ein blomebukett og spurde om mannen kunne få lov til å engasjere seg i politikken eitpar år. Og det fekk han.

Etter at Kloster gjekk bort, fortsette Myklebust og Prestnes å møtast.
 - Torfinn kunne prata med alle og var i tillegg glødande samfunnsinteressert. Han var opptektnivå av kva vi kan gjera for at Kvinnherad kan veksa opp og fram.

Han var svært dyktig til å sjå framtidas utfordringar. Dessuten fekk vi alltid høyra interessante og levande historier av Torfinn og ein gjekk aldri tom for noko å snakka om. Han var ein unik mann, seier Prestnes.

Ordførar Synnøve Solbakken vil hugsa Myklebust som ein sentral

politikar med ei lang historie med seg. Han var god til å sjå Kvinnherad under eitt, men med spesielt auga til Uskedalen.

Han var ein blid person som alltid var i godlag og som var engasjert i debattane. Alltid klar i meiningsane. Han kunne nok støyta nokon, men var likevel alltid den første til å gje klapp på skuldra etter eit møte. Han var raus både med ros og ris, seier ordføraren